

**Fra:** Margrethe Aas (margrethe.aas@gmail.com)

**Sendt:** 14.05.2021 11:45:23

**Til:** Postmottak Indre Fosen kommune

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål om byggesøknad

**Vedlegg:**

Hei,

Eg skal sende inn ein byggesøknad for ei badstu i tunet vårt her på Hindrem. Det er litt uklart for meg om søknaden krever ansvarsrett eller ikkje. Badstu-bygget blir langt under 50 m2, men skal ha ei isolert pipe sidan den skal vere vedfyr. Såvidt eg forstår krever skorstein som regel ansvarsrett. Imidlertid ser eg at det blir gjort visse unntak ved tilbygg. Dette er ein frittstående bygning, så eg går ut frå at eg må ha ansvarsrett sjølv om bygningen ikkje vil vere isolert nok til å kallast "tilrettelagt for overnatting" (golvet vil vere luftig montert for å kunne handtere "bad" med kasting av vatn inne i badstua).

Eg har byrja fylle inn skjema for byggesøknad utan ansvarsrett.

- Krev tiltaket ansvarsrett?
- Kan eg i så fall legge ved søknad om personleg ansvarsrett i skjemaet eg har fylt ut?
- Eller må eg fylle inn eit anna skjema for byggesøknad *med* ansvarsrett?

Takk for svar,

Margrethe Aas